

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	16.03.2026
Vår referanse	2026/5646-2
Dykkar referanse	77e81e9d-8a29-4c41-9fe0-ff3eb80c9fb4
Sakshandsamar	Finn Olav Myhren
E-post	Finn.Olav.Myhren@vlfk.no
Telefon	46898112

Vassmiljøfagleg uttale til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement - tapping under LRV - Aurland 2 H kraftverk - Store Vargevatn - Aurland kommune

Hafslund Kraft AS søker om mellombels løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Store Vargevatn i Aurlandsvassdraget i Aurland kommune.

Grunnlaget for søknaden er at dei må skifte eit defekt boblerøyr som måler vasstand. Sjølve arbeidet med å bytte boblerøyrret tek 2 dagar. Grunna uvisse rundt beste tid for gjennomføring, vert det søkt om at tiltaket kan gjennomførast ein gong, der ein går under LRV i 10 dagar i perioden 15. april til 29. mai 2026.

For å minke negative verknadar av tiltaket på fisk- og vassmiljø, legg vi til grunn at perioden med vasstand under LRV må vere så kort som mogeleg. Utover dette har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til planane, og vi kan heller ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil endre den økologiske tilstanden i vassdraget.

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar
NPI – Naturressursar, landbruk og reiseliv

Finn Olav Myhren
seniorkonsulent
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift